

DAGFINN WORREN

## NORSK ORDBOK

### FRÅ A TIL Å I TOLV BAND

Norsk Ordbok blei ferdigstilt tidleg i 2016, 50 år etter at første bandet kom ut. Etter ei stor satsing frå omkring tusenårsskiftet, kalla Norsk Ordbok 2014, blei verket slutført litt seinare enn til Grunnlovsjubileet i 2014.

Professor i nordisk språkvitskap og hovudredaktør, Dagfinn Worren, arbeidde som redaktør ved ordboka gjennom heile si tid som tilsett ved Universitetet i Oslo. Han gir her eit oversyn over nokre sider ved den lange historia til Norsk Ordbok.

#### *Innleiing*

*Norsk Ordbok* med undertittelen *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet* vart fullført våren 2016 med tolv band. Det vart markert som ei nasjonal storhending med festsamkome i Aulaen til Universitetet i Oslo. Til liks med dei fleste store og nokre mindre språksamfunn i Nord- og Vest-Europa har Noreg med denne fullføringa fått si nasjonale, vitskaplege ordbok, utvikla over fleire generasjonar. Vikør (2011: 165) omtalar slike verk som fleirgenerasjonsordbøker. Ei slik ordbok kan karakteriserast som ei diakron ordbok som gjennom eit omfattande kjeldemateriale gjev eit heilportrett av ordtilfanget i språket over ein viss historisk periode. Fram til 2000-talet var det eit særmerke at slike ordbøker vart utgjevne på papir i svært mange band. Godt kjende døme frå Norden er *Svenska Akademiens Ordbok* (SAOB; 1898–) og *Ordbog over det danske Sprog* (ODS; 1918–56). For den andre norske målforma, riksmål/bokmål, finst firebandsverket *Norsk Riksmålsordbok* (1937–57) med to supplementsband frå 1995. Frå Europa elles kan nemnast *Deutsches Wörterbuch*, *Oxford English Dictionary*, *Woordenboek der Nederlandsche Taal* og *Wurdboek fan de Fryske Tael*.

Med alfabetisk publisering av store mengder kjeldemateriale som krev omfattande analyse, er utgjevingstida ein kritisk faktor i utarbeidinga av slike verk. Denne artikkelen handlar om korleis "Norsk Ordbok" gjennom fleire dramatiske omsiftingar kunne fullførast i tolv prenta band på 86 år.

#### *Første planen*

Den moderne nynorske ordbokshistoria byrja for alvor med *Norsk Ordbog med dansk Forklaring* av Ivar Aasen (1813–96) frå 1873. Ordtilfanget i denne ordboka var berre henta frå dei norske dialektane, for litteraturen på landsmål, seinare nynorsk, var enno sparsam.

Men den nynorske skriftkulturen var i sterk vokster, og eit ønske om ei ordbok for heile den nynorske språkkulturen melde seg. Opptaket til ei slik ordbok skjedde i 1927. Då sende det nynorske litteraturselskapet og forlaget Det Norske Samlaget ein søknad til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om løyving på statsbudsjettet til ei vitskapleg ordbok over det nynorske målet med nynorsk som redigeringsspråk. I første omgang førte ikkje denne søknaden fram, men han vart fremja på nytt i 1929, og det gav løyving i 1930 med utsikter til løyving i sju nye år. Dermed kunne det faglege arbeidet byrje på "Norsk Ordbok", som ordboksverket frå då av heitte med tilknytning til namnet på Aasens ordbok. Det vart lagd ein trepunkts plan for korleis dette arbeidet skulle leggjast opp (Skard 2016: 57):

- Alle norske ord som fanst i kjende ordbokskjelder, særleg dialektordbøker, skulle redigerast saman i eitt verk og gjevast ordforklaringar på nynorsk.
- Nytt tilfang frå dialektane skulle samlast inn.
- Ordtilfang frå den nynorske litteraturen med så god sjangerdekning som mogleg skulle framskaffast.

Tanken om ei slik systematisk samanføring av ordtilfanget frå dialektane og skriftmålet hadde Aasen sett fram i 1873-ordboka si. I denne tenkjemåten ligg det at dialektorda er normale norske ord, korkje meir eller mindre. Det vart lagt vekt på at det einskilde ordet kunne få litterær meirverdi og på den måten få fine nyansar etter innhald, stemning, stil og litteraturslag: «den ferdige ordartikkelen skal syna att heile denne voksteren i samandrag.» (Skard 2016: 64.)

Samarbeidinga av dei eldre norske ordbøkene resulterte i «Grunnmanuskriptet». Det er eit upublisert ordboksmanuskript på 13 500 maskinskrivne sider med 130 000 ordartiklar, som låg føre kring andre verdskrigen (1940-45). Til å skaffe meir ordtilfang frå dialektane melde det seg allereie fram til juni 1932 frivillige, uløna innsamlarar frå nesten 300 av dei 689 kommunane som Noreg då hadde. Sameleis var det stor entusiasme for å skrive ut tekstbelegg på ordsetlar (arkivkort) frå den nynorske litteraturen. Mot slutten av 1930-talet var det sendt inn ein million setlar til det ordarkivet for dialektar og litteratur som "Norsk Ordbok" bygde opp. 20 prosent var opplysningar om målføreord, resten var litteraturbelegg (Vikør og Wetås 2016: 20).

Å føre dette nye materialet inn i Grunnmanuskriptet var ei fagleg utfordring i seg sjølv. Ytre omstende som den tyske okkupasjonen av Noreg skapte sine vanskar på det praktiske området. Dertil kom stor usemje om fagleg styring og om utjevingsmåte. Redigering etter emne og fag vart sett opp mot alfabetisk publisering.

#### *Ny planlegging med større siktemål*

Etter krigen vart det fornying i redaksjonen, noko som løyste den interne floken. Det var då klart at å berre fylle ut Grunnmanuskriptet med innsamla tilfang frå dialektane og utskrivne sitat frå litteraturen, ikkje var ein tilfredsstillande arbeidsmåte. Heile materialet hadde no vorte så omfattande at gammalt og

nytt burde sjåast under eitt med den følgja at redigeringa burde byrje på nytt frå grunnen av (Bø 1989: 20). Dermed tok ein ny planleggingsperiode til no med Alf Hellevik som fagleg kraft, frå 1948 med tittelen hovudredaktør. Etter mønster frå dei andre nordiske nasjonalordbøkene fekk ordartikkelen ein informasjonsstruktur der dokumentasjon er eit særmerke. I denne modellen med formelle, semantiske, så vel som kombinatoriske (døme med eventuell forklaring) kategoriar var det uproblematisk å innpasse opplysningar om heimfesting (geografisk utbreiing) for dialektorda.

I 1966 kom første bandet av "Norsk Ordbok" ut med undertittelen «Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet». I den låg heile programmet for ordboksverket. Bandet var på 750 sider med ordbokstekst i tillegg til innleiing og ymse forklarande nøklar til ordboksteksten, og synte greitt at å redigere ord frå dialektane og litteraturen i éi vitenskapleg ordbok var godt foreinleg. Det er på dette punktet "Norsk Ordbok" skil seg frå dei fleste andre nasjonale, vitenskaplege ordbøkene, som i hovudsaka er litterære. Dette første bandet dekte alfabetsekvensen *a-doktrinær*. Ved denne utgjevinga opplyste forlaget at verket var planlagt til 10 band, som var ei monaleg utviding frå første planen med to eller tre band. Utifrå redigeringa av dette bandet, ville ein melder heller rekne med 11–12 band (Gundersen 1967: 148), noko som skulle vise seg å vere eit råkande overslag.

Mottakinga av første bandet synte at redaksjonen hadde lukkast med å finne balansen mellom eit stadig aukande arkivmateriale og presentasjonen av det i høvelege ordartiklar. utfordringa låg i finansieringa. Dei sju åra med tilsegn på til saman 75 000 kroner frå departementet var for lenge sidan gått. Løysinga vart eit felles grep for alt norsk offentleg ordboksarbeid.

#### *Norsk Ordbok til Universitetet i Oslo*

Stortinget vedtok at dei offentlege ordboksverka for gammalnorsk, bokmål og nynorsk skulle samlast i eit eige institutt på Universitetet i Oslo. Universitetet fekk tilført midlar som svarte minst til det aktivitetsnivået som dei ulike miljøa hadde før overføringa, som skjedde 1. juli 1972. "Norsk Ordbok" med samlingar vart ei eiga avdeling for nynorsk under Norsk leksikografisk institutt.

Når ordboksverka var ein del av den permanente verksemda til universitetet, førte det også med seg nye organisatoriske plikter. Men viktigast var likevel tryggleik for arbeidsplassane, slik at det redaksjonelle arbeidet kunne ha hovudfokus på etterprøvbar kvalitet. Jamføring med dei tilsvarande andre nasjonale ordbøkene var i så måte ein viktig målestokk. Etter band 2 med alfabetsekvensen *dokument-flusken* i 1978 og band 3 med *flusker-gigla* i 1994 kom det ei omfattande melding av Karen Margrethe Pedersen i *danske folkemål*, som særleg bygde på dei utkomne banda:

[S]om sprogbeskrivelse indeholder NO en rigdom af oplysninger om norsk sprog – dets ordforråd og orddannelse, ordenes uttale, bøjning, geografiske udbredelse, etymologi, brugsområde, betydning, stilleje og fraseologi. Hvad indholdet angår, er NO fuldt på højde med andre store nationale ordbøger som *Ordbog over det Danske Sprog* (ODS) og *Ordbok över Svenska Språket* (SAOB).

(Pedersen 1998: 106)

Det leksikografiske arbeidet i Norsk Ordbok hadde altså ein trygg vitenskapleg standard.

#### *Dokumentasjonsprosjektet*

Ordboka måtte som universitetstiltak også tilpasse seg eit universitetssamfunn i stadig endring og utvikling. Her melde informasjonsteknologien seg med stadig større kraft, også for språkleg dokumentasjon. For kulturelle og språkvitenskaplege samlingar frå alle dei humanistiske fakulteta ved dei norske universiteta vart det på 1990-talet sett i gang eit digitaliseringsprosjekt, kalla *Dokumentasjonsprosjektet*. Setelarkivet til "Norsk Ordbok" var det mest omfattande av dei samlingane som vart digitaliserte. På denne tida inneheldt det 3,2 millionar ordsetlar. Denne digitaliseringa bar bod om at dei strenge krava til formalisering og strukturering i språkteknologien også kunne utviklast til verkty i leksikografien.

Samstundes fekk "Norsk Ordbok" ny hovudredaktør i Lars S. Vikør. I artikkelen der han introduserte nemninga «fleirgenerasjonsordbøker», tok han opp mange av dei utfordringane slike verk måtte hanskast med, trass fagleg høgt nivå (Vikør 2011: 178f). Denne artikkelen frå 1997 kan lesast som eit uttrykk for veksande endringsvilje i redaksjonen for ei omlegging av arbeidet, ikkje minst i høve til språkteknologien.

#### *Forprosjektet*

Språkteknologiske verkty framstod som effektiviserande reiskapar, og utgjevingsfarten for "Norsk Ordbok" vart eit tema. Med dei tilgjengelege ressursane og arbeidsmåtane kunne verket fullførast i 2060. Ikkje minst forlaget argumenterte for at ordboka måtte få dei naudsynte ressursane til ei mykje snøggare fullføring. Svaret kom i første omgang i ei stortingsmelding om arkiv, bibliotek og museum. Denne meldinga omtala ei fullføring av "Norsk Ordbok" som eitt av fire høvelege jubileumsprosjekt i feiringa av 200-årsminnet for den norsk Grunnlova frå 1814. Leiar Hans H. Skei ved det dåverande Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, som "Norsk Ordbok" hadde lege under sidan 1990, tok ansvar og engasjerte våren 2000 juristen Steinulf Tunesvik til eit tre månaders forprosjekt som skulle greie ut om vilkåra for eit "Norsk Ordbok" 2014-prosjekt. I mandatet heitte det at talet på

ordboksband skulle ufråvikeleg vere tolv, samstundes som kvaliteten skulle oppretthaldast på internasjonalt godteke nivå for vitskapleg ordboksarbeid (Tungesvik 2000: 4).

Rapporten var klar på kva prioriteringar som måtte til for å gjennomføre prosjektet og vart på den måten eit styringsdokument. Det galdt både organisatorisk tilknytning, utbygging av redaksjonen og naudsynte endringar i arbeidsmetodikk. Her ville dei språkteknologiske løysingane som måtte utviklast, spele ei nøkkelrolle. Rekruttering og opplærings- og kvalifiseringsperiode for nye redaktørar var skjønnsamt vurdert. Med alle omsyn tekne vart det samla årlege årsverkbehovet fram til 2014 rekna til 28 når ein etter ein opptrappingsplan nådde normal drift (Tungesvik 2000: 27).

#### *Prosjektorganisasjonen Norsk Ordbok 2014*

Stortinget slutta seg til forprosjektrapporten i 2001. Dermed kom dei iverksettjande aktørane, Universitetet i Oslo og staten ved Kulturdepartementet, som har det politiske ansvaret for norsk språk, på banen. Dei inngjekk ein forpliktande avtale. Avtalen gav universitetet ansvaret for å dekkje driftskostnader irekna lokale med turvande infrastruktur og for å føre vidare dei stillingane som det alt hadde i ordboka. Kulturdepartementet skulle føre vidare ei ekstraløyvinga frå slutten av 1980-åra og dekkje nye lønskostnader i perioden 2002-14 (Vikør og Wetås 2016: 28). Den vitale delen av denne samarbeidsavtalen var såleis at Kulturdepartementet skulle koste dei nye stillingane i opptrappingsplanen.

Ordboka fekk ein eigen prosjektorganisasjon med bruksnamnet Norsk Ordbok 2014, der årstalet var ei stadig påminning om sluttåret. Organisasjonen fekk eige budsjett, der lønsmidlane til nye stillingar frå Kulturdepartementet var hovudinntekta. Det nye grepet i organiseringa var ein prosjektdirektør som rapporterte til eit eige prosjektstyre. Direktøren hadde dagleg ansvar både for administrasjon, økonomi, personalsaker og resultatoppnåing i tillegg til å ha det avgjerande og siste ordet i faglege spørsmål. I prosjektperioden hadde ordboka to direktørar. Dr. art. Kristin Bakken fekk på plass organisasjonen og opptrappingsplanen med rammer og vilkår for at ordboka kunne fullførast i 12 band til 2014. Frå 2008 overtok dr. art. Åse Wetås. Ho kom frå redaksjonen og vart den organisatoriske krafta som leidde prosjektet i mål etter ei kritisk avslutning.

Forprosjektrapporten la til grunn at ordboksarbeidet måtte over på ei full-elektronisk plattform og med den kvaliteten som galdt for internasjonalt godteke nivå for vitskapleg ordboksarbeid. Overgangen til ei slik plattform var mogleg fordi Dokumentasjonsprosjektet var ført vidare med ein eigen etterorganisasjon ved Universitetet i Oslo som *Eining for digital dokumentasjon* (EDD) med Christian-Emil Ore som leiar. Også i redaksjonen vart det

ei omlegging der både kompetanse og spesialisering spelte inn, slik at fleire funksjonar fekk hovudredaktørstatus. Viktigast her var det at Lars S. Vikør heldt fram som hovudredaktør med særleg ansvar for fagleg kvalitet i manuskriptarbeidet, og at Oddrun Grønvik frå redaksjonen rykte opp som hovudredaktør for den språkfaglege tilpassinga av "Norsk Ordbok" til ei digital plattform. Den språkfaglege tilpassinga kravde eit tett samarbeid med EDD. Redaksjonen hadde ansvaret for å definere dei språklege formata, medan EDD utvikla programvara på den nye plattformen for dei informatiske kategoriane i redigeringsprogrammet og dei andre digitale komponentane.

Då Norsk Ordbok 2014-prosjektet byrja, låg det føre meir eller mindre trykkjeklart manuskript ut bokstaven *h*, som fylte heile band 4 (*gigle-harlem-merolje*; 2002). Band 5 (*harm-jåttut*; 2005) vart også for ein stor del fylt av 'gammalt' manus i tekstfiler, men frå og band 6 måtte alt manuskriptarbeid skje på den digitale plattformen. Det vil seie at redigeringa gjekk føre seg i eit redigeringsprogram som var strengt forma ut etter dei opplysningstypene som redigeringa av dei fem første banda hadde gjeve. Programmet var elles kopla opp mot eit materiale som i hovudsaka var elektronisk tilgjengeleg i ein ny applikasjon kalla Metaordboka. På dette tidspunktet var det ein søkjeinngang til fleire arkiv, Grunnmanuskriptet og nokre få leksikalske kjelder. Særleg vart dei leksikalske kjeldene seinare monaleg utvida, ikkje minst med lokale elektroniske ordsamlingar. Dertil tok også Norsk Ordbok 2014-prosjektet i bruk tekstkorpus som då var ei etablert nyvinning i leksikografien (Ridings og Grønvik 2012: 524). Dette tekstkorpuset fekk greitt namnet *Nynorskorpuset* og vart bygd opp av Daniel Ridings på basis av ein allmenn standard (Ridings 2005: 317). Ved prosjektslutt hadde korpuset vakse til 106 mill. laupande ord av tekstar frå 1860 og framover. Det gav eit uheldig deskriptivt bilete av nynorsk språkbruk, og det var særleg tenleg til å finne gode bruksdøme.

#### *Nyvinningar*

I vitenskapleg dokumentarisk arbeidsmåte må tidlegare praksis alltid kritisk vurderast. Omlegginga til å redigere på ei fullelektronisk plattform avdekte såleis ein fagleg kategori i språkbeskrivinga som no ikkje kunne oversjåast. Det galdt beskrivinga av fleirordige uttrykk. Slike uttrykk kan vere faste semantiske einingar der tydinga ikkje er opplagd utifrå orddelane. Det kan jamvel vere tale om fleire tydingar, og desse tydingane kan i sin tur kan få eigne døme. Til oppslagsordet *svenske* er det til dømes knytt fleire slike uttrykk, såleis *gjera svenske av seg*, vidare *som håret på ein snau svenske* og dertil *slå svenskar*. I "Norsk Ordbok" og i ordbøker flest hadde ikkje slike fleirordige uttrykk vore identifiserte som eit eige fenomen, men berre vore innpassa mellom døma, meir eller mindre tilfeldig. Men med dei strenge og eintydige krava som gjeld

i datastrukturering om å føre einsarta materiale i same kategori, måtte slike uttrykk få si eiga handsaming. Denne typen uttrykk har i "Norsk Ordbok" fått nemninga *underoppslag* med tanke på at dei har fleire viktige eigenskapar sams med sjølve oppslagsordet som eiga tyding og eigne døme. Eit hovudkriterium er at slike uttrykk er rimeleg faste i form og ordfølgje. I prent er fellesskapen med oppslagsord markert med same skriftgrad som oppslagsordet, dvs. halvfeit skrift. Underoppslaget representerer såleis ei nyvinning i språkbeskrivinga som vart fremja av einskapskravet frå språkteknologien.

Den særlege utfordringa som låg i innføringa av denne kategorien, var at ho braut med einskapskravet for det visuelle uttrykket av ordartikkelen i dei første banda. Men den faglege vinninga, nærast openberra av språkteknologien, var så viktig at det var opplagt at ho måtte overstyre tidlegare skiftande føringsmåtar. Den same språkteknologien gjev elles høve til nye visingsmåtar, og då er kartfunksjonen den mest iaugefallande. Kastet segner geografisk utbreiing for ordtydingar og uttrykk.

Det nye artikkelformatet vart ein viktig suksessfaktor både når det galdt god struktur i den einskilde artikkelen og for kvalitativ sikring. Artikkelskjelettet gjer at tydingsordninga vart mykje fastare enn før, og ei mengd detaljar, som t.d. kjeldeføring, må gjerast på ein føreskriven måte. (Grønvik og Ore 2016: 135). Redigeringsprogrammet har såleis medverka til meir effektiv og einskapleg redigering. Resultatet er sterkt og eintydig: Bak dei fire første banda låg det 43 redaktørårsverk per band, medan det for dei åtte siste banda minka det til 35 redaktørårsverk per band (Grønvik, Vikør og Wetås 2016: 2).

#### *Sluttord*

Universitetet i Oslo har valt å avvikle samfunnsoppdraget som det generøst fekk av Stortinget med verknad frå 1. juli 1972. Ved prosjektslutt for Norsk Ordbok 2014 var det likevel openbert at det dokumenterande, digitale språkuniverset som ordboksverket var ein markant del av, hadde ein samfunnsrelevans som andre akademiske miljø såg både den språkvitskaplege og den allmenne kulturpolitiske verdien av. Denne forståinga gjorde desse miljøa, som representerte universitet og høgskular frå heile Noreg, omfattande greie for i eit brev til Kulturdepartementet (29.01.2015). Særleg vart det framheva at også dei eldste banda av "Norsk Ordbok" måtte over på den fullelektroniske plattformen. Synspunkta i brevet vart også gjort kjende for Kunnskapsdepartementet, som dei norske universiteta og høgskulane høyrer inn under. Departementa var lydhøyre for argumentasjonen. I tildelingsbrevet frå statsbudsjettet 2016 som Kunnskapsdepartementet sende til Universitetet i Bergen (dagsett 18.12.2015), heiter det i lidenskapslaust departementsspråk (s. 8):



Universitetet i Oslo ønsker ikke å ha ansvaret for videre drift og forvaltning av samlingene knyttet til leksikografi og navnegransking. Etter en samlet vurdering har departementet kommet til at samlingene overføres til Universitetet i Bergen. Budsjetttrammen til Universitetet i Bergen er dermed økt med 6 mill. kroner. [...] Universitetet i Bergen bør vurdere eventuelle samarbeidspartnere i den videre drift, forvaltning og bruk av samlingene.

*Bergens Tidende* kunne 3. september 2016 melde at «[a]rvesølvvet i norsk språk er køyrt over fjellet,» og kvantifiserte det til 80 tonn arkiv- og biblioteksmateriale. Høgskulen i Volda har fått særskilt ansvar for "Norsk Ordbok". Ordboka er berga.

#### Litteraturliste

- Bø, Reidar 1989: Arbeidet med Norsk Ordbok. I O. Almenningen og O. Grønvik (red.): *Ord og mål. Festskrift til Magne Rommetveit*. Oslo: Kringkastingsringen. S. 80–90.
- Grønvik, Oddrun, L.S. Vikør og Å. Wetås. 2016: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet (NO): Kort historikk*. (Upublisert.)
- Grønvik, Oddrun og Christian-Emil Smith Ore 2016: Nyskapinga i elektroniske ordbøker og språksamlingar. I H. Urdland Karlsen, L.S. Vikør og Å. Wetås (red.) 2016. S. 132–141.
- Gundersen, Dag 1967: [Melding av] Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. *Maal og Minne* 1967: 147–152.
- Pedersen, Karen Margrethe 1998: Norsk Ordbok. En anmeldelse. *danske folkemål*. 1998: 105–114.
- Ridings, Daniel 2005: Nynorskorpuset vid Norsk Ordbok 2014: Integrering med redaktionsarbeite. I R.V. Fjeld og D. Worren (red.). 2005. S. 315–325.
- Ridings, Daniel og Oddrun Grønvik 2012: A corpus based method for a diachronic study of the central vocabulary of New Norwegian. I B. Eaker, L. Larsson og A. Mattisson (red.): Rapport från Konferensen om lexicografi i Norden. Lund 24–27 maj 2011. Lund: Nordiska föreningen för lexicografi.
- Skard, Sigmund. 2016: Norsk Ordbok. Historie – plan – arbeidsskipnad. I H. Urdland Karlsen, L.S. Vikør og Å. Wetås (red.) 2016. S. 40–67. Først prenta i 1932.
- Tungesvik, Steinulf. 2000: *Norsk Ordbok 2014 – om vegen fram til fullføring av ordboksverket i 2014*. (= «Forprosjektrapporten»). Upublisert.)
- Vikør, Lars S. 2011: Fleirgenerasjonsordbøker og tida. I O. Almenningen, M. Hovdenak og D. Worren (red.): *Lars S. Vikør. Språk og samfunn – heime og ute. Festskrift til Lars S. Vikør*. Oslo: Novus forlag. S. 165–180. Først prenta i 1997.
- Vikør, Lars og Åse Wetås 2016: Norsk Ordbok: om folket – av folket – for folket. Historia om ordboksverket fram til i dag. I H. Urdland Karlsen, L.S. Vikør og Å. Wetås (red.) 2016. S. 15–39.